



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:

Dykkar: 2015/270 721.0

Vår: 15/203 - 16/16017

Saksbehandlar:

Mette Fauskanger

Mette.Fauskanger@radoy.kommune.no

Dato:

19.12.2016

Søknad om overføring av midlar til kommunalt rusarbeid kapittel 0765 post 60

Eg viser til samtale med Mona Fauskanger, og søker med dette om å få overført tildelte midlar til stilling som ruskoordinator til 2017. Sett opp mot tidligare søknad, så har vi gjort nokre endringar i prosjektplanen, sjå under.

1. Rusomsorg i Radøy kommune

Vi ynskjer å etablere ei robust, fleksibel og koordinert rusomsorg i Radøy kommune.

Det er gjort mykje godt arbeid opp mot rusmiddelavhengige i Radøy kommune, men vi ser at arbeidet med fordel skulle vore meir strukturert, planmessig og koordinert. Vi ser ei auke i tal brukarar med utfordringar innan rus aleine eller i kombinasjon med psykiske lidningar. Vi har om lag 25 innbyggjarar i aktiv rus som mottar tenester frå NAV sosial og/eller Psykisk helse.

Ungdomskoordinator rapporterer om låg debutalder for alkohol, og at hasj er eit rusmiddel som nyttast i nokre ungdomsmiljø i Radøy kommune. Miljøa på vidaregåande skule i Knarvik og på Austrheim kan for mange bli fyrste møte med illegale rusmiddel.

I dag er ikkje det overordna ansvaret for rusomsorga tydeleg. Organisatorisk vil vi leggja rusomsorga inn under Psykisk helse. Ruskoordinator vert tilsett i Psykisk helse og rusomsorg, og skal kartlegge, koordinere, samordne tverrfagleg samhandling og samarbeid innan kommunen og opp mot spesialisthelsetenesta. Ruskoordinator skal ha høgt fokus på bustadsosialt arbeid, og bidra inn i utarbeidinga av Bustadsosial handlingsplan. Vidare skal ho vera ein bidragsytar inn i arbeidet med kommunen sin kommunedelplan for Helse og omsorg.

Radøy kommune ynskjer å starta eit prosjekt innan rusomsorga som er tredelt:

- Direkte brukarretta arbeid
- Førebyggjande arbeid

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



- Kompetanseheving

1.1. Direkte brukarretta arbeid

Radøy har etablerte rusmiddelavhengige i alle aldrar. Vi har brukarar vi har kjent gjennom år, men dei siste åra rapporterer NAV, psykisk helse, legesenter og heimetenesta om ei auke i brukarar som flyttar til Radøy utan å ha tilknytning til kommunen. Vi ser at vi ikkje har god nok oversikt over målgruppa og kva behov dei har for tenester. Vi vil difor ta i bruk BrukerPlan som hjelpemiddel. Resultatet av kartlegginga skal gje eit grunnlag for planlegging og dimensjonering av dagens og framtidig tenestetilbod innan rusomsorga.

Ruskoordinator skal etablere ei tverrfagleg ressursgruppe innan rusomsorg. Denne skal bestå av Lege, NAV, Psykisk helse og rusomsorg, Heimetenesta, Kommunepsykolog og Koordinerande eining. Bustadkontor, Barnevern, Helsestasjon, Fysioterapeut, Frivilligsentral, Skule og Politi kallast inn i ressursgruppa ved behov.

Den tverrfaglege ressursgruppa skal utarbeide heilskaplege og samanhengande brukar- og pasientløp. Det skal vera eit individretta fokus med eit fleksibelt tenestetilbod tilpassa den einskilde. Ruskoordinator og Tverrfagleg ressursgruppe skal arbeida for medverknad, mestring, fungering og integrering i lokalsamfunnet. I prosjektperioden etablerast det ei styringsgruppe for rusomsorga i Radøy. Denne består av Leiar Psykisk helse og rusomsorg (leiar styringsgruppe), Leiar NAV og Kommunalsjef Helse og omsorg. Styringsgruppa skal støtte Ruskoordinator i sitt arbeide, og ho rapportera til styringsgruppa. Dette for å sikre forankring, retning og framdrift i arbeidet.

Både Psykisk helse, NAV og spesialisthelsetenesta har lovpålagte oppgåver opp mot brukargruppa, og vi har erfaringar med at det ikkje alltid er lett å få til eit godt nok samarbeide på tvers.

Ruskoordinator og NAV skal jobbe målretta for å styrke samarbeidet opp mot spesialisthelsetenesta.

Ruskoordinator skal jobbe målretta for å etablere relasjon inn mot brukargruppa og tilstrebe høg grad av bukar medverknad. Ruskoordinator skal arbeida miljøterapeutisk og yte buoppfølging. Ho skal i samarbeid med tverrfagleg ressursgruppe utarbeide ein milepæl plan innan juni 2017.

1.2. Førebygging

Ungdomskoordinator melder om manglande kunnskap blant barn og unge – og til dels foreldre – om skadeverknadane av narkotikabruk. Ruskoordinator skal etablere samarbeid med Ungdomskoordinator, Skulehelseteneste, Skular og Førebyggande eining i Politiet for å sikre eit målretta rusførebyggande arbeid opp mot barn og unge i kommunen.

1.3. Kompetanseheving

Ruskoordinator skal bidra til auka kompetanse i kommunen innan rusfeltet. Det skal holdast internundervisning internt i sektoren, og opp mot Skule- og oppvekstsektoren. Det skal prioriterast kompetanseheving for nøkkelpersonar inn mot rusomsorga.

2. Mål for prosjektet

- 1) Tilsette Ruskoordinator i 100% stilling.

- 2) Gjennomføre kartlegging av målgruppa og deira behov for tenester gjennom BrukerPlan årleg.
- 3) Etablere ei tverrfagleg ressursgruppe innan rusomsorg.
- 4) Utarbeide milepæls plan for prosjektet innan juni 2017.
- 5) Utarbeide rutinar og prosedyrar for arbeid opp mot målgruppa. Her under heilskaplege brukar- og pasientforløp.
- 6) Høgt fokus på Bustadsosialt arbeid. Etablere rutinar, prosedyrar og bidra inn i arbeidet med Bustadsosial handlingsplan.
- 7) Alle brukarar skal ha informasjon og tilbod om Individuell plan.
- 8) Etablere eit godt samarbeid med Spesialisthelsetenesta.
- 9) Førebyggjande arbeid opp mot barn, unge og foreldre i samarbeid med Ungdomskoordinator, Skulehelsetenesta og Skule- og oppvekst.
- 10) Gjennomføre Ungdata undersøking i 2017.
- 11) Gjennomføre kompetansehevande tiltak innan rusfeltet.
- 12) Etablere rutinar for burkamedverknad
- 13) Etablere samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Med helsing

Mette Fauskanger
kommunalsjef helse og omsorg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marita Ulriksen Årseth
NAV Radøy

Pb 43

5931

MANGER

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN